

FN DAGEN 24. oktober 13

I år hadde me bestemt oss for å markera FN dagen hjå oss.

I Gaupne barnehage går det barn i frå 8 ulike land. Me hadde hengt opp alle flagga utanfor barnehagen og i garderobane/på avdelingane våre på morgonen.



På grøen hadde dei og hengt opp nokre ord og uttrykk frå Ungarn og Eritrea då dei har barn derifrå.

Nokre av barna såg «sitt flagg «på veggen.



Ann Katrin: «Der er mamma sitt flagg. Ho har to flagg ho. Eg har berre eitt, det er 17. mai flagget. «

Kl. 09.30 hadde me felles samling i aulaen for alle små og store.

Der fortalde Anne Margrete og Kari litt om FN og at FN hadde bursdag. Me hang opp flagga og song sangar.











Me Hang opp barnekonvensjonane og snakka om at der stod det at barn har rett til og vera med og bestemme, dei skal ha hus og nok mat. Tjasse Balder ropte høgt mitt når Anne Margrete tok opp det danske flagget. «Mitt, mitt»



På førehånd hadde styrar tulla med at ein ikkje

måtte gløyme Sogndalsflagget og det vart og' hengt opp☺

Barna vart spurt kva flagg dette var og då meinte mange at det var

Liverpool flagget. ..Men når dei vaksne spurte Lars kva flagg det

Var kom det kontant: «Sogndal!!»

Til Lunsj hadde me dekkja koldtbord i gangen slik at alle kunne kome der og forsyne seg.

Me var så heldig og hadde Deniz som eigen kokk og ho varta opp med rettar frå dei ulike landa.



I tillegg hadde Nina koka rømmegraut og det var svært populært.





Flatbrød med mårpølse går godt an og ete.



Sondre ville helst ha brødskive og Nicolai likte best leverpostei sa han.



Tjasse Balder var strålende fornøyd med at det var dansk salami og oliven på menyen. Han nyna og sang mens han sa; No kosar me oss. Jacob prøvde og rettar frå Tyrkia.